



REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 2012 JØSNESET BYGDARÅD

**28.februar 2011 klokka 18.30
i Trivelsstova.**

Frammøte:

Frå Bygdarådet møtte Berit S. Hjorteland, Silje Sværen, Cesilie Waaland og Odd Fossaa.

Ellers møtte 11 personar.

Før me starta på dei formelle sakene fekk nyttilsett banksjef Susanna Poulsen ordet. Ho overrekte Bygdarådet ein sjekk på kr 20 000,- som skal gå til kjøp av ny oppvaskmaskin i Trivelsstova. Ho kunne fortelja at banken sitt gåvefond no var på meir enn 3 mill kroner, og at dei prioriterer tiltak som kjem barn og unge til gode. Den nye banksjefen sitt inntrykk av Jøsneset var at det var ein stad der det skjedde mykje positivt.

Årsmøtesaker:

1. **Ordstyrar:** Berit S. Hjorteland
2. **Innkalling og sakliste** blei godkjende med merknader; det var feil vekedag i innkallinga, og årstalet 2010 sto i staden for 2011 to stader.
3. **Årsmeldinga** blei lese gjennom og godkjend.
Odd orienterte om «prosjekt Bulyst» der Jøsneset har fått 75 000,- som m.a. skal gå til bord og benkjer på fleire av turpostane i bygda. Det skal og bli ein samlingsstad ved sjøen på gamle Nesvik kai. Ved Gapahuken skal det lagast ein teltplass. Det blei stilt spørsmål om me skulle få i gang ein dugnad på gravplassen dersom det ikkje var midlar til betre vedlikehald.
Som takk for innsatsen med å halda nettsida vår Jøsneset.no levande og oppdatert, fekk Svanhild H. Gbada ein blom frå Bygdarådet!

4. **Rekneskap** blei gått gjennom og godkjend. Det var spørsmål om vedtaket frå i fjor om å overlata 17.mai-komiteen sin konto til Bygdarådet var fulgt opp. Ellen Mari Fossaa sjekker dette opp.
5. **Årsmelding og rekneskap for Jøsneset Bedehus** blei lagt fram av Trygve Brandal og godkjend.
6. **Val.** Helga Havneraas møtte for valnemda. Det blei litt forvirring ang varamedlemar: På årsmøtet 2011 blei Ola Skiftun varamedlem for 2 år, medan Knut Foss blei vald for 1 år. Vedtektene seier derimot av varamedlemar blir valde for 1 år. Det nye Bygdarådet blei då etter valet:

Berit S. Hjorteland, leiar for 1 år, styremedlem for 2 år

Silje Sværen, styremedlem for 2 år

Odd Fossaa, Cesilie Waaland og Sven Westersjø har alle 1 år att som styremedlemar.

Ola Skiftun og Knut Foss er varamedlemar for 1 år.

Ellen Lovise Brandal går ut av valnemda etter 3 år. Nytt medlem er Olga Hjorteland.

7. **Julatrefesten.** Me hadde stil spørsmålet om Julatrefesten burde fortsetja som eige arrangement, eller om me heller skulle satsa meir på tenning av juletre. Meininga blant dei frammøtte gjekk i begge retningar, og me enda på å oppmoda interesserte til å danna ei arbeidsgruppe. Bygdarådet tek ansvar for dette gjennom eit rundskriv og nettsak.

8. **Eventuelt.**

Prislista for utleig bør aukast i tråd med prisstiging. Det er no lite utleige av Trivselsstova, så me bør kan hende tenka på meir marknadsføring ?

Andre innspel var – igjen – kva me kunne gjera for å auka tilflyttinga til bygda. Det er ønskje om å få ei oversikt over hus til leige/sals. Andre forslag er å blåsa liv i «Jøsnesprosjektet» og få til «happenings» à la «lucky Næroset». Dette er saker me i Bygdarådet tek me oss i arbeidsplanen for kommande år.

Det var òg forslag om å laga til kommentarfelt på nettsida, og me ser på om dette kan la seg gjera.

Skiftun 07.04.2012

Silje Sværen